



## Saksframlegg

|            |             |                         |
|------------|-------------|-------------------------|
| Dato       | Referanse   | Saksbehandlar           |
| 26.11.2024 | 24/39583- 2 | Kristin Glæstad Vonheim |

| Saksnr. | Utval                                        | Møtedato   |
|---------|----------------------------------------------|------------|
| 08/25   | Rådet for personar med nedsett funksjonsevne | 29.01.2025 |
| 02/25   | Ungdomspanelet                               | 31.01.2025 |
| 12/25   | Kultur- og folkehelseutvalet                 | 04.02.2025 |
| 05/25   | Kompetanse- og næringsutvalet                | 06.02.2025 |
| 13/25   | Fylkesutvalet                                | 24.02.2025 |

## Høyring NOU2024:20 Det digitale (i) livet- Balansert oppvekst i skjermens tid (Skjermbruksutvalet)

### Fylkeskommunedirektøren sin merknad og innstilling

1. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar utvalet sine tilrådingar, og særskilt rådet om at det er viktig å ha ei balansert tilnærming til skjermbruk.
2. Myndigheitene må gjere det lettare å skjerme born og unge frå skadeleg innhald og avhengigheitsskapande algoritmar. Foreldre treng klare råd og støtte for å sikre born og unge ein balansert skjermbruk. Det bør innførast nasjonale skjermråd retta mot born og unge, samt nasjonale aldersgrenser for sosiale media.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at Noreg gjennomfører forordninga om digitale tenester (DSA) i norsk rett så raskt som mogleg.
4. Staten bør heve dagens nivå på det totale tilskotet til læremiddel i skolen.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar tilrådinga om at staten tek ei større rolle i arbeidet med personvern, databehandlaravtalar og krava til universell utforming.
6. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om at skolebiblioteka på vidaregåande skolar blir ein del av tilskotsordninga regjeringa har til skolebiblioteka under leselyststrategien.
7. Staten bør jobbe for å systematisk heve den digitale kompetansen blant lærarar og tilsette ved offentlege skular.

**Behandling**

Fylkeskommunedirektøren sin merknad og innstilling

1. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar utvalet sine tilrådingar, og særskilt rådet om at det er viktig å ha ei balansert tilnærming til skjermbruk.
2. Myndigheitene må gjere det lettare å skjerme born og unge frå skadeleg innhald og avhengigheitsskapande algoritmar. Foreldre treng klare råd og støtte for å sikre born og unge ein balansert skjermbruk. Det bør innførast nasjonale skjermråd retta mot born og unge, samt nasjonale aldersgrenser for sosiale media.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at Noreg gjennomfører forordninga om digitale tenester (DSA) i norsk rett så raskt som mogleg.
4. Staten bør heve dagens nivå på det totale tilskotet til læremiddel i skolen.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar tilrådinga om at staten tek ei større rolle i arbeidet med personvern, databehandlaravtalar og krava til universell utforming.
6. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om at skolebiblioteka på vidaregåande skolar blir ein del av tilskotsordninga regjeringa har til skolebiblioteka under leselyststrategien.
7. Staten bør jobbe for å systematisk heve den digitale kompetansen blant lærarar og tilsette ved offentlege skular.

Rådgivar Kristin Glæstad Vonheim svarte på spørsmål.

**Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Fylkeskommunedirektøren sin merknad og innstilling**

Fylkeskommunedirektøren

**For:** 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 2, SV 1, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Vedtak**

1. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar utvalet sine tilrådingar, og særskilt rådet om at det er viktig å ha ei balansert tilnærming til skjermbruk.
2. Myndigheitene må gjere det lettare å skjerme born og unge frå skadeleg innhald og avhengigheitsskapande algoritmar. Foreldre treng klare råd og støtte for å sikre born og unge ein balansert skjermbruk. Det bør innførast nasjonale skjermråd retta mot born og unge, samt nasjonale aldersgrenser for sosiale media.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at Noreg gjennomfører forordninga om digitale tenester (DSA) i norsk rett så raskt som mogleg.
4. Staten bør heve dagens nivå på det totale tilskotet til læremiddel i skolen.

5. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar tilrådinga om at staten tek ei større rolle i arbeidet med personvern, databehandlaravtalar og krava til universell utforming.
6. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om at skolebiblioteka på vidaregåande skolar blir ein del av tilskotsordninga regjeringa har til skolebiblioteka under leselyststrategien.
7. Staten bør jobbe for å systematisk heve den digitale kompetansen blant lærarar og tilsette ved offentlege skular.

## **Kompetanse- og næringsutvalet 06.02.2025 - sak 05/25**

### **Behandling**

Kompetanseheving i skulen

Staten bør jobbe for å systematisk heve den digitale kompetansen blant lærarar og tilsette ved offentlege skular.

Nytt punkt 2 - tydelegare nasjonale råd

Myndigheitene må gjere det lettare å skjerme born og unge frå skadeleg innhald og avhengigheitsskapande algoritmar. Foreldre treng klare råd og støtte for å sikre born og unge ein balansert skjermbruk. Det bør innførast nasjonale skjermråd retta mot born og unge, samt nasjonale aldersgrenser for sosiale media.

### **Votering nr 1 - Voting over forslag**

Forslag: **Fylkeskommunedirektøren si innstilling**

**For:** 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 1, KRF 1, SP 2, SV 1, UAVH 1, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

-----

### **Votering nr 2 - Voting over forslag**

Forslag: **Kompetanseheving i skulen**

Dordi Boksasp Lerum (SP), Andre parti: AP

**For:** 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 1, KRF 1, SP 2, SV 1, UAVH 1, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

-----

### **Votering nr 3 - Voting over forslag**

Forslag: **Nytt punkt 2 - tydelegare nasjonale råd**

Marit Aklestad (SV), Andre parti: AP, SP

**For:** 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 1, KRF 1, SP 2, SV 1, UAVH 1, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Tilråding:**

1. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar utvalet sine tilrådingar, og særskilt rådet om at det er viktig å ha ei balansert tilnærming til skjermbruk.
2. Myndigheitene må gjere det lettare å skjerme born og unge frå skadeleg innhald og avhengigheitsskapande algoritmar. Foreldre treng klare råd og støtte for å sikre born og unge ein balansert skjermbruk. Det bør innførast nasjonale skjermråd retta mot born og unge, samt nasjonale aldersgrenser for sosiale media.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at Noreg gjennomfører forordninga om digitale tenester (DSA) i norsk rett så raskt som mogleg.
4. Staten bør heve dagens nivå på det totale tilskotet til læremiddel i skolen.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar tilrådinga om at staten tek ei større rolle i arbeidet med personvern, databehandlaravtalar og krava til universell utforming.
6. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om at skolebiblioteka på vidaregåande skolar blir ein del av tilskotsordninga regjeringa har til skolebiblioteka under leselyststrategien.
7. Staten bør jobbe for å systematisk heve den digitale kompetansen blant lærarar og tilsette ved offentlege skular.

**Kultur- og folkehelseutvalet 04.02.2025 - sak 12/25**

**Behandling**

Rådgivar Kristin Glæstad Vonheim orienterte i saka.

**Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Fylkeskommunedirektøren si innstilling**

**For:** 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, NML 1, SP 1, SV 1, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Tilråding:**

1. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar utvalet sine tilrådingar, og særskilt rådet om at det er viktig å ha ei balansert tilnærming til skjermbruk.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at Noreg gjennomfører forordninga om digitale tenester (DSA) i norsk rett så raskt som mogleg.
3. Staten bør heve dagens nivå på det totale tilskotet til læremiddel i skolen.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar tilrådinga om at staten tek ei større rolle i arbeidet med personvern, databehandlaravtalar og krava til universell utforming.

5. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om at skolebiblioteka på vidaregåande skolar blir ein del av tilskotsordninga regjeringa har til skolebiblioteka under leselyststrategien.

## **Ungdomspanelet 31.01.2025 - sak 02/25**

### **Behandling**

Tilbakemelding og tilleggspunkt

Ungdomspanelet ber kompetansesjefen om å bevisstgjere lærarar og tilsette ved skulane i fylket på utvalets "anbefalinger til skoler og barnehager, og deres eiere".

Ungdomspanelet støttar høyringsinnspelet i fylkeskommunedirektøren si innstilling med følgande tilleggsforslag:

6. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar tilrådinga om at foreldre må ta meir ansvar for at barna deira får ei sunn tilnærming til skjermtid.
7. Staten bør jobbe for å systematisk heve den digitale kompetansen blant lærarar og tilsette ved offentlege skular.

### **Votering nr 1 - Votering over forslag**

**Fylkeskommunedirektøren si innstilling:** 0 stemmer (0%)

**Tilbakemelding og tilleggspunkt:** 8 stemmer (100%)

Mads Ødegaard Harstad

### **Tilråding**

1. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar utvalet sine tilrådingar, og særskilt rådet om at det er viktig å ha ei balansert tilnærming til skjermbruk.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at Noreg gjennomfører forordninga om digitale tenester (DSA) i norsk rett så raskt som mogleg.
3. Staten bør heve dagens nivå på det totale tilskotet til læremiddel i skolen.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar tilrådinga om at staten tek ei større rolle i arbeidet med personvern, databehandlaravtalar og krava til universell utforming.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om at skolebiblioteka på vidaregåande skolar blir ein del av tilskotsordninga regjeringa har til skolebiblioteka under leselyststrategien.

Ungdomspanelet ber kompetansesjefen om å bevisstgjere lærarar og tilsette ved skulane i fylket på utvalets "anbefalinger til skoler og barnehager, og deres eiere".

Ungdomspanelet støttar høyringsinnspelet i fylkeskommunedirektøren si innstilling med følgande tilleggsforslag:

5. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar tilrådinga om at foreldre må ta meir ansvar for at barna deira får ei sunn tilnærming til skjermtid.
6. Staten bør jobbe for å systematisk heve den digitale kompetansen blant lærarar og tilsette ved offentlege skular.

## **Rådet for personar med nedsett funksjonsevne 29.01.2025 - sak 08/25**

### **Behandling**

#### **Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Fylkeskommunedirektøren si innstilling**

**For:** 8 stemmer (100%) - AP 1, FFO-MR 2, FRP 1, SAFO-NV 2, SP 1, SUNML 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

### **Tilråding**

1. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar utvalet sine tilrådingar, og særskilt rådet om at det er viktig å ha ei balansert tilnærming til skjermbruk.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at Noreg gjennomfører forordninga om digitale tenester (DSA) i norsk rett så raskt som mogleg.
3. Staten bør heve dagens nivå på det totale tilskotet til læremiddel i skolen.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar tilrådinga om at staten tek ei større rolle i arbeidet med personvern, databehandleravtalar og krava til universell utforming.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om at skolebiblioteka på vidaregåande skolar blir ein del av tilskotsordninga regjeringa har til skolebiblioteka under leselyststrategien.

### **Fylkeskommunedirektøren si innstilling:**

1. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar utvalet sine tilrådingar, og særskilt rådet om at det er viktig å ha ei balansert tilnærming til skjermbruk.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at Noreg gjennomfører forordninga om digitale tenester (DSA) i norsk rett så raskt som mogleg.
3. Staten bør heve dagens nivå på det totale tilskotet til læremiddel i skolen.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar tilrådinga om at staten tek ei større rolle i arbeidet med personvern, databehandleravtalar og krava til universell utforming.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om at skolebiblioteka på vidaregåande skolar blir ein del av tilskotsordninga regjeringa har til skolebiblioteka under leselyststrategien.

## Bakgrunn

NOU 2024: 20 "Det digitale (i) livet" er ein omfattande rapport frå den norske regjeringa som handlar om korleis skjermbruk påverkar barn og unge. Rapporten blei levert til Kunnskapsdepartementet 11. november 2024 av eit utval oppnemnt 2. juni 2023. Målet er å gi eit kunnskapsgrunnlag for politikkutvikling og tilrådingar for balansert, trygg og sunn skjermbruk.

Utvalet skulle vurdere korleis skjermbruk i barnehage, skole og fritid påverkar helse, livskvalitet, læring og oppvekst for barn og unge. Målet for arbeidet har vore å informere politikkutvikling og foreslå nødvendige tiltak. Utvalet var leia av Robert Steen, og inkluderte ekspertar frå ulike felt som utdanning, psykologi og folkehelse.

## Viktige funn

Skjermbruk er vanskeleg å sjå isolert frå andre utviklingstrekk i samfunnet. Ein skjerm er ikkje berre ein skjerm. I tillegg til tidsbruk og eigenskapar ved det digitale grensesnittet i seg sjølv, er det viktig å sjå på korleis skjermene blir brukt, kva dei blir brukt til og kven dei blir brukt saman med. Ein hovudbodskap er at det er viktig å finne den gode balansen, men det trengs meir forskning på området. Norske barn og unge har det i all hovudsak bra. Dei fleste trivst på skolen, heime og med vener. Dei føler seg stort sett bra, dei opplever at dei er nyttige, og dei opplever at dei har gode framtidsutsikter. Dei er aktive, deltek i fritidsaktivitetar og brukar fysiske kultur- og fritidstilbod. Regjeringa sin dataspelstrategi 2024-2026 beskriv dataspel som kultur, innovasjon, næring, internasjonalisering, kunnskap og fellesskap. Kommunale fritidstilbod er ein viktig arena for barn og unge, og tilgangen har auka nasjonalt dei siste åra. Fleire fritidstilbod har også dataspel og anna digital kultur som ein del av sitt tilbod. Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennom verdiskapingsprogrammet UNG kunst og kultur gitt tilskot til utvikling av møteplassar for datakultur. Utvalet viser til at barn og unge sjølv ser på dataspel som underhaldning og ein meningsfull fritidsaktivitet der dei kan kommunisere, sosialisere, leike og lære. Sjølv om teknologiutviklinga går raskt og har påverka samfunnet på mange måtar, er det også mange arenaer der mykje er som før.

Nokre trendar går også feil vei: Fleire rapporterer om dårlegare psykisk helse, undersøkingar viser nedgang i ferdigheiter i lesing, naturfag og demokratiforståing. Skolemiljøet ser ut til å ha blitt dårlegare. Utvalet peikar på at det er behov for meir kunnskap om korleis skjermbruk påverkar oppveksten til barn og unge. Utvalet oppfordrar myndigheitene til ei heilskapleg tilnærming til arbeidet med skjermbruk, og barn og unge.

Skjermbruk kan påverke fysisk og psykisk helse, inkludert søvn, fysisk aktivitet og sosiale interaksjonar. Overdriven skjermbruk er knytt til dårlegare psykisk helse, spesielt blant unge jenter. Men forskning viser også at skjermen ikkje nødvendigvis går på bekostning av anna aktivitet, og at tida barn og unge brukar på stillesittande aktivitetar har halde seg stabilt. Treningsvanane blant ungdom held seg stabile. Studier finn at store samfunnskriser som krig, klimakrise og usikkerheit i økonomien og på arbeidsmarknaden kan føre til stress, psykiske

belastningar og helseutfordringar, særleg for utsette grupper, og dette kan bidra til enda større ulikskap over tid.

Bruk av digital teknologi i skolen gir både moglegheiter og utfordringar. Det kan forbetre læring, men også vere distraherande og krevje nøye integrering i undervisninga.

Foreldre spelar ei viktig rolle i å regulere og rettleie barnas skjermbruk. Deira eigne skjermvanar kan påverke barna.

Design og funksjonar på digitale plattformer kan påverke kor mykje tid barn bruker på skjerm og deira eksponering for skadelig innhald.

### **Nokre av tilrådinga frå utvalet:**

**Politikk og regulering:** Myndigheitene bør implementere og handheve reguleringar for å sikre trygge og alderspassa digitale miljø.

**Foreldrerettleiing:** Foreldre bør få rettleiing og støtte til å hjelpe med å handtere skjermbruken til barna.

**Utdanningspraksis:** Skolar bør balansere digitale og tradisjonelle læringsverktøy , og sikre at lærarar har nødvendig digital kompetanse.

**Forskning og kunnskap:** Kontinuerleg forskning er nødvendig for å forstå langtidsverknadene av skjermbruk og utvikle effektive tiltak.

Rapporten understrekar behovet for ein balansert tilnærming til skjermbruk, som tek omsyn til både fordelar og potensielle risikoar. Den oppfordrar til samarbeid mellom foreldre, lærarar, politikarar og forskarar for å sikre at barn og unge kan trivast i ei digital tid.

Ved sidan av tidsbruk og eigenskapar ved det digitale grensesnittet, er det viktig å sjå på korleis skjermene blir brukt, kva dei blir brukt til, innhaldet på skjermen, og kven skjermaktiviteten blir gjort saman med.

Kompetansesjefen har bedt dei vidaregåande skolane om å svare på høyringa i samarbeid med elevråda. Elevrådet på Romsdal vgs har svara på høyringa (vedlegg). Dei støttar arbeidet med føringar for sosiale media og spel for barn, at foreldre følgjer opp dette og at informasjon er svært viktig. Dei støttar også tilrådinga om meir forskning på området.

### **Vurdering**

Fylkeskommunedirektøren støttar utvalet sine tilrådingar om at det er viktig å ha ei balansert tilnærming til skjermbruk. Det er viktig at det blir stilt krav til plattformselskapa, og det føreset også at myndigheitene har kapasitet og verktøy for å overvåke aktivitetar og handheve regelverket. Myndigheitene bør legge press på selskapa for å ta eit større ansvar for sikkerheita og trivselen til brukarane sine. Dersom det skal innførast aldersgrenser, må det gjerast ei grundig vurdering av korleis dette skal handhevast. Erfaringane frå andre land, for eksempel

Australia, vil vere viktig. Fokus på innhald og kontekst rundt skjermbruken, jf tilrådingane frå utvalet, er viktigare enn skjermbruk i seg sjølv. Å heve kompetansen til foreldre og gi dei fleire støtteverktøy for å støtte dei i arbeidet med å vere kompetente foreldre i den digitale verda er viktig. Fleire ressursar som for eksempel dubestemmer.no og tilsvarande haldningskampanjar retta mot foreldra, er viktige i arbeidet vidare. Digitale plattformer opererer på tvers av landegrensar, og ei effektiv regulering av desse krev internasjonalt samarbeid. Fylkeskommunedirektøren tilrår også at Noreg gjennomfører forordninga om digitale tenester (DSA) i norsk rett så raskt som mogleg.

Skolen har eit stort og omfattande oppdrag med å danne og utdanne elevane slik at dei skal meistre livet sitt og delta i samfunnet. Alder og modenheit til elevane er avgjerande i val om når og korleis digital teknologi skal inngå i opplæringa, fylkeskommunen er skoleeigar for dei vidaregåande skolane og elevane er på veg ut i studie- og arbeidsliv. Det må takast andre omsyn på dette trinnet enn for dei yngre elevane, også når det gjeld bruk i opplæringa. Lærarane har metodefriheit, og digitale læremiddel og læringsressursar er viktig å ha i den didaktiske verktøykassa for blant anna å kunne tilpasse læringsarbeidet. Det er læraren som kjenner sine elevar best, og som er best kvalifisert til å bestemme korleis undervisninga skal leggjast opp i sine fag. Då er blant anna tilgang til ulike læremiddel viktig, og utvalet foreslår at staten bør vurdere om dagens nivå på det totale tilskotet til læremiddel i skolen, er tilstrekkeleg til å gi elevane eit variert tilbod og reell metodefridom til læraren til å velje mellom analoge og digitale læremiddel. Dette støttar fylkeskommunedirektøren, og viser blant anna til tidlegare sak om ekstraløyvingar til innkjøp av læremiddel vedteke i Fylkestinget i samband med ny læreplanreform i Møre og Romsdal (T-20-2022). Dei løyvingane som har kome i samband med ny læreplanreform har berre gått til kommunane. Det er viktig at det blir sett ein standard for kva god nok profesjonsfagleg digital kompetanse er, og det er som sagt også viktig med god rettleiing for foreldre, også i vidaregåande opplæring for å manøvrere i ulike digitale system for å kunne følgje opp ungdommane. Digitale læremiddel kan gi lærarane nye moglegheiter i undervisninga, til å kunne gi tilpassa opplæring og spesialtilpasning utan at elevane kjenner seg stigmatiserte. Samtidig viser dei undersøkingane som utvalet har gjort, at produsentane ikkje alltid følgjer opp kravet til universell utforming og at det er krevjande for skoleeigarar og skolar å kvalitetssikre at krava er oppfylte. Dette er med på å heve barrierene for desse elevane. Det er svært krevjande for skoleeigar å møte kravet om kontroll på personvernet til elevane og kravet til universell utforming i dei ulike læremidla. I tillegg kjem krava til dette for ulike læringsressursar som skolane også kan bruke. Det kan ikkje vere føremålsteneleg at kvar enkelt skoleeigar skal ha kompetanse og ressursar til å møte desse krava på eit område som er så komplekst. Fylkeskommunedirektøren støttar tilrådinga om at staten tek ei større rolle i arbeidet med personvern, databehandlaravtalar og krava til universell utforming. Det blir i tilrådingane vist til leselyststrategien til regjeringa og tiltaka der. Regjeringa har ei eiga tilskotsordning([Tilskudd til skolebibliotek 2025 | udir.no](#)) til skolebiblioteka, men denne går berre til skolebiblioteka i grunnskolen. Fylkeskommunedirektøren ønskjer at også skolebiblioteka i vidaregåande opplæring blir ein del av denne tilskotsordninga.

## Økonomiske konsekvensar

Ikkje relevant.

Toril Hovdenak  
fylkeskommunedirektør

Erik Brekken  
kompetanse- og næringsdirektør

## Vedlegg

Høring NOU 2024: 20 Det digitale (i) livet - Balansert oppvekst i skjermens tid

(Skjermbrukutvalget)

Høring fra Kunnskapsdepartementet

Høringsinstanser

NOU\_2024\_20\_KD

Høyringsssvar om Skjermbrukutvalget frå elevrådet på Romsdal vgs